

Referat FAU møte Matre skule 04.05.2023.

Til stades: Eva Solheim, Kathrine Storsæter, Helga Nyhavn Matre, Veronica Hjartholm og rektor.

Sak 20 22/22 Uteområdet

Det nye dissestativet er kome, forventast montert i næraste framtid. Helga skal ta kontakt med ungdomsrådet slik at dei kan ta opp uteområda på skulane som ei sak. Uteområdet skal og opp som sak i elevrådet, rektor skal vidareformidla dette.

Sak 21 22/23 Visma

Visma er no oppe og går. Vekeplanane skal leggjast ut på Visma, og Visma vert hovudplattforma for kommunikasjon mellom heim og skule.

Sak 22 22/23 Skuletur

Før påske var elevane på tur til Bergen for pengane frå mjølkekontoen, det var svært vellykka.

Sak 23 23/24 Elevundersøking.

Rektor seier dei har snakka om elevundersøkinga i kommunestyret. Det er vanskeleg å lese resultat (statestikk) grunna at det er så få elevar. Der det blir skåra lågt over tid tyder det på at det er utfordringar. På spørsmål om kva konkrete tiltak som er sette i verk seier rektor at dei for tida jobbar med felles regler på fotballbana. Uro i klassane har vore eit gjentakande problem på undersøkinga , og dette skal det arbeidast vidare med.

Sak 24 22/23 Trafikksikker kommune

Det vert for tida utarbeidd retningslinjer for tilsette sin ferdsel i trafikken. Skulane skal ha eigne retningslinjer, dei skal ut til høyring i FAU og samarbeidsutvalet. Rektor kallar inn til møte i samarbeidsutvalet.

Sak 25 22/23 Avslutting 10 klasse

10. klasse skal ha avslutting 20.juni. Elevar, lærarar og foreldre blir invitert. FAU betalar for maten og baker kaker. Elevane i 8. og 9. klasse skal vere med å lage til og servere.

Sak 26 22/23 Sommaravslutning

Sommaravslutninga vert måndag 19 juni. Agenda vert som tidlegare. Presentasjon av nye 1- klassingar, innslag frå elevar, sal av grillmat og is, samt fotballkamp. Håper mange foreldre er klar for ein kamp mot elvane.

Sak 27 22/23 Vipps konto

Rektor skal undersøke om skulen kan opprette Vippskonto.

Sak 28 22/23 17. Mai feiring

Det skal spelast inn til elevrådet kva elevane meiner om dagens 17.mai feiring.

Referent Eva Solheim